

Skodje sogelag - referat frå årsmøte 2016

Tid: 07.03.16, kl 19.00

Stad: Gomerhuset

Tilstade: 33 medlemmer

1. Innkalling

Innkalling til årsmøtet var kunngjort med brev 29.02.16 vedlagt årsmelding, rekneskap, årsplan og budsjett til medlemmer med e-post adresse, kunngjøring på heimesida og annonse i Bygdebladet 2. og 5. mars. I tillegg var det omtale i Bygdebladet 5. mars både om årsmøtet og om historisk program.

Følgjande merknad til innkallinga vart ført i referatet:

- Medlemmer som ikkje har e-post får innkalling og saksdokument sendt i posten.

2. Historisk program

Arkeolog Heidi Haugene, Godøy kystmuseum hadde foredrag om Skodje i førhistorisk tid.

3. Gomerprisen

Etter statuttane er Gomerprisen "ei utmerking som vert delt ut til ein som har utmerka seg i høve kunnskap om historiske røter, historieformidling og identitetsbygging i Skodje".

Styret vedtok i møte 01.02.16 å tildele Gomerprisen til Karsten Grindvik; for hans innsats som kulturberar i Skodje, som pådrivar innan lagsarbeid gjennom mange år, for iveren når det gjeld tradisjonar og bygningsvern, og ikkje minst formidling av kunnskap og historie.

Gomerprisen er eit relieff i bronse med innskrift, utforma av kunstnaren Ola Stavseng, og den vart overrekt til prisvinnaren saman med blomster.

Karsten kvitterte med fleire historier. Etterpå vart det servert kaffi og kaker.

4. Sakliste

Sakliste i samsvar med vedtektene § 5. Ingen merknadar til saklista.

5. Ordstyrar

Kåre Beite (leiar) vart vald til ordstyrar, og Eystein Hjelme (sekretær) til referent.

6. Årsmelding 2015

Årsmeldinga vart lagt fram for årsmøtet og gjennomgått. Årsmeldinga vart godkjent.

7. Rekneskap 2015

Rekneskapen vart behandla og godkjent av årsmøtet.

8.1 Valnemnd / vedtekter § 5

Etter innspel til årsmøtet i 2015, jf referatet pkt 10, behandla styret spørsmål om vedtektsendring og oppnemning av valnemnd i møte 01.02.16 pkt 6. Følgjande tilråding vart lagt fram for årsmøtet:

Vedtektsrevisjon/-endring bør komme dersom her er uoverenstemmelser som vanskeleggjer vanleg aktivitet. Det er her ikkje no. Som oppfølging av årsmøtesak 10 i 2015, vert følgjande tilrådd:

Årsmøtet:

- I tillegg til kunngjøring, jf vedtektene §5, skal årsmøtedokumenta leggast ut på heimesida ei veke før møtet.

Val av valnemnd:

- Styret kjem med forslag til medlemmer og leiar i valnemnda, jf vedtektene §5 g).

Årsmøtet godkjente tilrådinga.

8.2 Val

Etter innstilling frå valnemnda vart vala gjennomført med følgjande resultat:

Utval	Namn	Funksjon	Merknad
Styret	Kåre Beite	leiar	1 år - gjenval
	Kjell Sindre Tysse	nestleiar	2 år - gjenval
	Eystein Hjelme	sekretær	Ikke på val
	Bodil Grindvik Uri	kasserar	2 år - ny
	Harald Honningdal	styremedlem	Ikke på val
	Kristen Midtlid	styremedlem	2 år - gjenval
	Bente Nybøen	1.varamedlem	1 år - gjenval
	Solfrid Viset	2.varamedlem	1 år - gjenval
	Edmund Hofseide	3.varamedlem	1 år - gjenval
Redaksjonskomité for sogeskrift	Styret nemner opp		
Revisor	Jon Stette		1 år - gjenval
Valkomité	Solfrid Viseth	Leiar	1 år - ny
	Jon Arne Torset	Medlem	1 år - ny
	Lars Hjelme	Medlem	1 år - gjenval

9. Medlemspengar 2016

Kontingenten vert uendra - kr. 220,-.

10. Framlegg til budsjett 2016.

Budsjettet vart gjennomgått og godkjent.

11. Årsplan for 2016.

Leiar presenterte årsplanen for komande år med følgjande hovudoppgåver:

Årsskrift:

- Ei av hovudoppgåve til laget. Styret skal velje tema og redaksjonsnemnd for 2016.

Heimeside:

- Viktig kanal for å nå medlemmer og andre. Mål om eiga websidegruppe.

Fotosamling:

- Kontinuerleg registreringsarbeid. Ønske om miljø-/interessegruppe.

Slektshistorisk arbeid:

- Samarbeid med biblioteket. Ope møte tredjekvar månad kl 19.00.

Kultur- og bygdehistorie for Skodje:

- Allmennsøge / samarbeidsprosjekt med kommunen.

Kvennabakken (Husmannsplass på Fylling):

- Restaurering av husmannstova med støtte frå Kulturminnefondet.

Arkeologiske kulturminne:

- Samarbeid med kommunen om skjøtsel av Gomerrøysa og Håhjemsrøysa

Bygdevandring hausten 2016:

- Styret vel stad/opplegg. Ønske om innspel.

12. Innkomne saker / tema tatt opp i møtet.

Innkomne saker:

- Ingen.

Tatt opp i årsmøtet:

- Det vart etterlyst om sogelaget vil engasjere seg i debatten om stadnamn. Etter drøfting vart det notert at sogelaget bør bruke retten til å komme med uttale/ innspel om stadnamn, men ettersom det er kommunen som ivaretar dette bør engasjement vere avgrensa til der det er av stor lokalhistorisk interesse.

19.04.16

Kåre Beite